

## **Referat frå rådsmøte 30. november 2010.**

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Olav Urbø, Torstein Tveito, Arne Vinje, Jon Svartdal, Bjørn Nome, Sverre Sæter, Therese Hauger, Ketil Kiland, Hans Bakke, Per Dehli, Hans Kristian Lehmann og Kjell Gunnar Heggnes.

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### **Sak 68/2010 Referat frå rådsmøte 12. oktober 2010.**

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 12. oktober 2010 vert godkjent utan merknader.*

### **Sak 69/2010 Politkar 2020 – eit komande nasjonalt prosjekt**

Tilstades var Ole Dalen og Marte Midttun Lie for å orienterte nærare om saken. Prosjektet tek mellom anna sikte på å utvikle ei form for grunnutdanning innan politikken for å gje komande politikarar betre grunnlag og større tryggleik i sitt framtidige virke. Vidare omfatter prosjektet eit politisk arrangement på line med den svenske *Almedalsveckan*.

*Vedtak. Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

### **Sak 70/2010 Forslag til møtekalender 1. halvår 2011**

Det låg føre forslag til møtekalender for 1. halvår 2011.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til møtekalender for 1. halvår 2011 med fylgjande endringar:*

- *Det skal haldast eit ekstra møte i Vest-Telemarktinget i mars 2011 i samband med handsaminga av næringsplanen og landbruksplanen.*
- *Det føreslegne møtet i Tinget 28. juni vert endra til 21. juni.*

### **Sak 71/2010 Forslag til innretning, grunnfondsmidlane**

I eit tidlegare møte har Fellesfondet gjort vedtak om å overføre grunnfondsmidlane til Tinn, Hjartdal og Vest-Telemarkrådet. Til rådsmøtet låg det føre ei innstilling om at desse midlane skal nyttast til vidare regional utvikling og samarbeid, og at det er Vest-Telemarkrådet som i samla forum disponerer midlane.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner forslaget om at regionen sin andel av grunnfondsmidlane skal nyttast til vidare regional utvikling og samarbeid, og at det er Rådet som i samla forum disponerer midlane.*

### **Sak 72/2010 SIVA Næringshage**

Etter innspel frå Seljord kommune var det tilstades 2 representantar frå Kunstnerdalen Næringshage i Buskerud, Tone Ranheim Rolvstad og Gro Krogh Sørensen Moen som gjorde nærare greie for saken. Det vart mellom anna streka under at det er viktig å ha med seg fylkeskommunen alt frå starten av i arbeidet med oppretting av ein SIVA næringshage.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande. Rådet ser dette som ein viktig regional sak og vil invitere representantar frå Telemark fylkeskommune og SIVA til eit komande rådsmøte for å få nærare informasjon om deira roller i eit slikt prosjekt.*

**Sak 73/2010 Overordna lokaliseringsplan og felles tiltaksplan for regionen**

Til grunn for saken ligg eit tidlegare vedtak i Rådet om å utarbeide ein overordna lokaliseringsplan og felles tiltaksplan for regionen.

Med utgangspunkt i den siste delen av vedtaket er det utarbeidd felles næringsplan for perioden 2008 – 2010 som no er under rulling med forslag til ny plan som vert lagt fram som egen sak.

*Vedtak: På bakgrunn av at vedtaket er gjort for mange år sidan, vil Vest-Telemarkrådet utarbeide eit faktadokument som vert å sende den enkelte kommune som grunnlag for moglege prinsippvedtak i høve til om ein ynskjer utarbeidd ein overordna lokaliseringsplan.*

**Sak 74/2010 Forslag til Strategisk Næringsplan 2011 – 2013**

På bakgrunn av tidlegare vedtak låg det føre forslag til Strategisk Næringsplan 2011 – 2013. Nedsett arbeidsgruppe var tilstades på møtet og sekretæren for gruppa, Haldor Kaasin gjorde nærare greie for forslaget.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser det som særst viktig at denne type strategiske planar vert forankra administrativt og politisk i kommunane. Strategisk Næringsplan med vedteken endring på side 3 vert sendt på høyring til kommunane og andre relevante høyringsinstansar med frist 20. februar 2011. Planen foreslår mange tiltak som skal finansierast.*

*Vest-Telemarkrådet ber derfor kommunane mellom anna om å prioritere tiltak innafor dei 4 hovudmålsetjingane som ligg til grunn for planen og organisering av nye tiltak. Etter at høyringane er gjennomført vil Vest-Telemarkrådet gje si innstilling til Tinget i mars 2011.*

**Sak 75/2010 Forslag til landbruksplan**

Det låg føre forslag til "Tiltaksretta handlingsplan for landbruk i Vest-Telemark 2011 – 2014". Nedsett arbeidsgruppe var tilstades i møtet, og leiar av arbeidsgruppa, Hans Bakke, orienterte nærare om arbeidet med planen og innhaldet i denne.

*Vedtak: På line med vedtaket i sak 74/2010 gjeldande næringsplanen ynskjer Vest-Telemarkrådet at forslaget til landbruksplan vert sendt kvar enkelt kommune til høyring. Som vedlegg til planforslaget vil det fylgje ei økonomisk oversikt.*

*Ein ynskjer også at landbruksorganisasjonane får høve til å uttale seg om planforslaget. Etter at høyringane er gjennomført vil Vest-Telemarkrådet gje si innstilling til Tinget i mars 2011.*

**Sak 76/2010 Forslag til sakliste Vest-Telemarktinget 3. februar 2011**

Det låg føre utkast til sakliste for møtet i Vest-Telemarktinget 3. februar 2011.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste for møtet i Tinget 3. februar med tillegg av ein sak gjeldande orienteringar om næringsplanen og landbruksplanen.*

**Sak 77/2010 Drøftingssaker****Tinnsjø-tunnelane**

Regionrådsleiar ga ei kort orientering om vedtak i Fylkesutvalet gjeldane Fylkesvegplan 2011 – 2019 i høve til trongen for store utbetringar i Tinnsjø-tunnelane.

Regionale planer

Arbeidet med dei regionale planane går sin gang og den 3. møterunden vert halde i Bø dagane 30.november – 1. desember.

Høgfartsbanen over Haukeli, mobilisering

Arne Vinje orientert kort frå eit møte i Åmot med tanke på vidare mobilisering gjeldande høgfartsbane over Haukeli.

Politisaken

Anne-Nora Oma Dahle orienterte nærare om saken og sette fram ynskje om å få til ei mogleg felles uttale.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet gjev regionordførar fullmakt til, saman med KS, å lage felles uttale i saken. Utkastet vert å legge fram for arbeidsutvalet og settast opp som sak i rådsmøtet 25. januar 2011.*

Barnevernsamarbeidet, behov for auka bemanning.

Hans Bakke orientert kort om behovet for auka bemanning i barnevernsamarbeidet og moglege statlege midlar.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser det som ynskjeleg at det vert gjeve formell støtte frå kvar enkelt kommune i samband med søknad om ekstra midlar til barnevernsamarbeidet. Hans Bakke får i oppdrag å lage felles saksframstilling.*

**Sak 78/2010 Orienteringssaker**Vannområde Midtre Telemark

Saken gjeld eit komande prosjekt der Midt-Telemarkrådet er koordinerande organ. Seljord, Kviteseid og Tokke deltek frå vår region

Samhandlingsreformen

Ketil Kiland varsla om at det vil ligge føre ein statusrapport om kort tid.

Brot i telekabel 9. august – rapport

Rapport frå Fylkesmannen er sendt kommunane der Telenor informerer om betra omleggingsmoglegheiter ved framtidige brot.

Vest-Telemarkkonferansen 3. februar 2010

Regionrådsleiar orientert kort om komande Vest-Telemarkkonferanse der programmet no er endeleg fastsett.

Vegmøte/befaring i lag med Telemarksbenken

Regionrådsleiar orienterte kort om eit initiativ til hhv. vegmøte og befarings av Haukelitunnelar. Fastsette datoar er 18. januar 2011 og 9. mai 2011.

Referent: Kjell Gunnar Heggnes